



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Deres referanse

Vår referanse
25/01532-8

Saksbehandler
Hugo Pedersen

Dato
07.11.2025

Til
Møre og Romsdal fylkeskommune
Kompetanse- og næringsutvalget
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Skole- og tilbudsstruktur for videregående opplæring 2026 - 2040 - Uttale frå Surnadal kommune

Surnadal kommunestyre behandlet saken ang. skole- og tilbudsstruktur for videregående opplæring 2026 – 2026 på møte den 06.11.2025, sak 66/25.

Kommunestyrets vedtak

Uttale frå Surnadal kommunestyre vedrørende tilbudsstruktur ved Surnadal vidaregåande skule

Surnadal kommunestyre viser til innstilling frå fylkeskommunedirektøren om ny skulestruktur i Møre og Romsdal, der det blir foreslått å ta bort påbyggstilboda Pb3 og Pb4 ved Surnadal vidaregåande skule og samle desse ved Sunndal vidaregåande skule. Kommunestyret ser med stor uro på denne utviklinga og vil med dette uttrykke sterk motstand mot forslaget.

Kommunestyret støttar fullt ut uttalen frå skoleutvalet ved Surnadal vgs, og vil særleg peike på følgjande moment:

- **Tilgjengelegheit og geografi:** Surnadal har ei meir sentral plassering for elevar frå Indre Nordmøre, inkludert Rindal og tidlegare Halså kommune. For desse elevane vil reiseveg til Sunndal vere urimeleg lang, og det vil svekke tilgangen til vidaregåande opplæring i regionen.
- **Søkjartal og kapasitetsgrunnlag:** Det er marginale forskjellar i søkjartal mellom Surnadal og Sunndal. I inneverande skuleår var det faktisk Surnadal som hadde høgast søkjartal og kunne starte klasse, medan Sunndal ikkje kunne det. Dette viser at det er grunnlag for å vidareføre tilbodet i Surnadal.
- **Konsekvensar for rekruttering og regionen:** Dersom påbyggstilbodet blir fjerna frå Surnadal, vil elevar frå nærområda i større grad velje vidaregåande skule i Trøndelag. Dette vil føre til at elevane ikkje blir i regionen vår.

Konklusjon;

- Surnadal kommunestyre vil sterkt rå til at både **Pb3** og **Pb4** tilboda vert vidareført på Surnadal vidaregåande skule. Påbygg 3 og påbygg 4 har også vist seg å gje eit svært godt læringsmiljø for elevane som har kome inn på desse linjene.
- Kommunestyret meiner at ei svekking av det lokale tilbodet ved Surnadal vgs vil ha alvorlege konsekvensar for både skulen og regionen. Vi oppfordrar fylkestinget til å ta omsyn til dei geografiske, pedagogiske og samfunnsmessige argumenta som er framlagt, og til å sikre at påbyggstilbodet Pb3 og Pb4 blir vidareført ved Surnadal vidaregåande skule.

Med helsing

Hugo Pedersen
Ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur